



Arkivsaknr: 2024/9204-11
Sakshandsamar: Tone Margrethe Bærland
Furustøl
Avdeling:

SAKSFRAMLEGG

Klage på avslag dispensasjon frå plankrav for oppføring av bustad og for å nytte gang- og sykkelveg som tilkomstveg til bustad - gbnr 214/222 Fyllingsnesvegen 154

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagen i frå tiltakshavar på avslag på dispensasjon, datert 15.12.2024, vert ikkje teke til følge.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Søknad om dispensasjon frå krav til utarbeiding av reguleringsplan jf kpa § 2.2, og reguleringsplan for Fyllingsnes vedkomande for nytte gång- og sykkelveg som tilkomstveg for oppføring av bustad vert avslått. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving går fram av vurderinga i denne saka.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

SAKSUTGREIING

Administrativt saknr. 1251/2024

Påklaga vedtak Avslag på dispensasjon, datert 15.12.2024

Tiltak: 1. Oppføring av bustad.
2. Nytt gang- og sykkelsti som tilkomst til bustad

Søknadstype: Dispensasjon

Eigedom: Gbnr. 214/222

Adresse: Fyllingsnesvegen 154, 5913 Eikangervåg

Tiltakshavar: JOHANNE FANEBUST ØVRETVEIT

Klagar: Tiltakshavar med hjelp av ansvarleg søkjar

Vurderingstema for APM

APM må vurderer om dei i lovfesta vilkåra for dispensasjon er oppfylt. Dersom dei lovfesta vilkåra er oppfylt, så kan APM gje dispensasjon. Dispensasjon skal vurderast i relasjon til plankravet for oppføring av bustad og i relasjon til gang- og sykkelveg som tilkomst til bustad.

Vurderinga kan ikkje berre gjerast for denne eigedom. Det uregulerte området må sjåast under eit. Det er fleire uregulerte eigedomar som kan utbyggast og området kan fortettast ytterlegare. Spesielt må APM ta stilling til om avlaup, trafikk i relasjon til gang- og sykkelveg og presedensverknad vert ivareteitt.

Klage, klagerett, klagefrist og tidlegare handsaming i APM

Kommunen har mottatt klage frå tiltakshavar med hjelp av ansvarleg søkjar. Klagar har klagerett i saka. Vedtak i saka er sendt ut 27.11.2024. Klagen er datert 15.12.2024 og er mottatt innan fristen.

Saka har ikkje vore handsama av APM tidlegare.

Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i [kommuneplanen sin arealdel for tidlegare Lindås kommune 2019-2031](#) er definert som bustadområde.

Gang-sykkelveg ligg i regulert område innanfor reguleringsplan for [Fyllingsnes, gbnr 214 bnr.4.,5,7 mfl.](#)

Oversikt KPA – gbnr 214/222 – blått punkt.
Avsett til bustad – gul farge

Oversikt – reguleringsplan Fyllingsnes.
Gbnr 214/222 - blått punkt

Utsnitt frå Nordhordlandskartet –
gbnr 214/222. Rosa felt og svart stipla
linje = regulert gang- og sykkelveg

Skisse planlagt bustad – gbnr 214/222

Norge i bilder – gbnr 214/222 - blått punkt



Ortofoto – Nordhordland 2011



Uttale frå andre mynde

Statsforvaltaren rår i frå å gi dispensasjon i uttale, datert 19.09.2024:

«Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Generelle omsyn bak plankravet er mellom anna å kunne sikre ei heilskapleg, berekraftig og gjennomtenkt utvikling av området. Plankravet skal også sikre ein open og føreseieleg prosess, med god medverknad for både offentlege og private partar, jf. pbl. § 1-1.

Statsforvaltaren vurderer at det er uheldig å gje dispensasjon frå plankravet i denne saka. Bakgrunnen for dette er at ein reguleringsplan ikkje berre skal plassere bustadhus, han skal også sikre infrastruktur, grønstruktur og leikeareal. Vi vil særleg trekke fram omsyn til barn og unges interesser, som ein særskild interesse Statsforvaltaren er sett til å sikre i plan- og dispensasjonssaker. Vegen i område er svært smal, og utan tilbod til gåande og syklende. I ROS-analysen for Reguleringsplan for Fyllingsnes er det vurdert at ulykker med gåande og syklende har ein uakseptabel risiko. Sjølv om skulebarn i området skulle ha skoleskyss i dag, handlar dette også om å sikre eit trygt oppvekstmiljø kor barn og unge kan ferdast trygt langs veg til/frå andre aktivitetar. Omsyn til barn og unge er et viktig omsyn i formålet til plan- og bygningslova, jf. § 1-1, og i rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging pkt. 1: «Viktige nasjonale mål er å: Sikre et oppvekstmiljø som gir barn og unge trygghet mot fysiske og psykiske skadevirkninger [...]». Omsyn til barn og unge er også noko som har økt nasjonal merksemd.

Statsforvaltaren rår ifrå dispensasjon i denne saka. Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.»

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå KPA (tidlegare Lindås kommune) føresegn 2.2 for utarbeiding av reguleringsplan og frå reguleringsplan for Fyllingsnes for å nytta areal for gang- og sykkelveg som tilkomstveg til bustad

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

«Dispensasjon frå Plankrav, § 2.2 i KPA.

I utgangspunktet er det her tale om eit relativt enkelt tiltak i eksisterande bustadområdet. Tiltaket sin art og størrelse er av ein så liten karakter at krav om reguleringsplan framstår som «voldsomt». Slik tiltaket er innretta medfører det små behov for ny infrastruktur så sant ein kan nytta eksisterande veg like ved tomta. Det ligg offentleg vatn i området og det enkelt å komma til sjø under eksisterande kommuneveg med eit utslepp. Tiltaket er i tråd med ønska bruk av eigedomen i KPA. Slik vi ser detburde kanskje eigedomen vore med i Reguleringsplanen for Fyllingsnes, men det er den ikkje. Vi legg til grunn at vurderinga rundt det er at den ligg som del

av eit lite utbygd området og at det derfor var naturleg å sjå den i samanheng med dette framfor å ta den inn i planen – same vurdering gjer vi no.

Det vil vera ein svært tidkrevjande og tung prosess å få eigedomen regulert eller inkludert i eksisterande reguleringsplan, sett mot tiltaket si relativt enkle utforming vil ein gjennom byggesaka fint kunne handtere alle sider ved det, det er ingen behov for større vurdering av infrastruktur eller anna i denne saka.

Tiltaket er i tråd med overordna plan sitt arealformål, alle forhold rundt veg og VA er avklart så sant det vert gitt dispensasjon til bruk av vegen og alle krav forøvrig vert ivaretatt.

For tiltakshavar og familien er det viktig å kunna nytte tomta til det formål den er tenkt til, som også er i tråd med KPA sitt arealformål og dermed kommunen sitt ynskje. Å få etablert seg med einbustad på ein plass i nærleik av familie er viktig, og ein ynskjer å få gjort det i snar framtid slik at både vaksne og born kan «slå rot» og bli værande i same skulekrins gjennom den viktige oppveksten. Ei eventuell regulering, eller å vente på utbygging av det regulerte området, er så usikkert i tid og kostnad at det er lite realistisk.

Vår vurdering er at hensynet bak regelen ikkje vert vesentleg tilsidesett og at fordelane er klart større en ulempene slik at det kan gjevast dispensasjon.»

Dispensasjon frå reguleringsplanen for Fyllingsnes for å nytte gang- og sykkelvegen som tilkomstveg.

Vegen som ligg like på nordsida av eigedomen er i omtalte reguleringsplan vist som gang- og sykkelveg. Det gjer i praksis at denne tomta, samt tre naboar, ikkje lengre har tilkomstveg til sine eigedomar. Vi stussar over at dette har vorte gjort utan av eksisterande eigedomar har blitt gitt reelle alternativ.

Slik vi vurderer ei eventuell utbygging av det regulerte området er det svært usikker om, og når, det vil skje. Eigedommane som grensar til planområdet må ha tilkomstveg som tidlegare i påvente av utbygginga og det gjeldt også eigedomen det vert søkt på her.

Gang- og sykkelvegen er så langt vi kan sjå ikkje avgjerande pr. i dag, den er meint å ivareta eit framtidig behov med meir folk i området og moglegheit for gjennomgangstrafikk. Når det skjer vil samstundes dei eigedomane som nyttar denne vegen i dag også ha eit reelt alternativ via det nye bustadfeltet.

Pr. i dag er det to bustader og ein fritidsbustad som nyttar den aktuelle vegen til tilkomstveg. Det betyr at det er svært lite trafikk på den og ei eining til vil ikkje endre

dette vesentleg. Det er ingen gjennomgangstrafikk korkje av bilar eller mjuke trafikantar pr. i dag – alle som brukar vegen er difor godt kjent med forholda og rettar seg etter det. Der denne vegen møter Fyllingsnesvegen er det ikkje gang- og sykkelveg i fortsettinga og det føreligg ingen planer om det så langt vi er kjent med – mjuke trafikantar i området må altså uansett bevege seg «i vegbana» til eller frå den omtalte vegen og det er lite som talar for at akkurat denne delen bør behandlast strengare en kommunevegen som fører fram til den.

Tiltakshavar forstår at situasjonen vert ein anna når det regulerte området i nord vert bygd ut, det meiner vi kan la seg løyse ved at det eventuelt vert sett som vilkår at når området er utbygd skal 21 4/222 knyta seg til internvegane i bustadfeltet. Det vil nok også dei andre som nyttar den aktuelle vegen måtta gjera. Så langt vi kan sjå vil deler av vegen fortsatt krevje dispensasjon for at ein skal komme til internvegane i det nye bustadfeltet slik planane er i dag. Vi er kjent med at det vert jobbe med ei endring av reguleringsplanen men veit ikkje om akkurat dette er del av det som er planlagt endra.

For tiltakshavar og familien er det viktig å kunna nytte tomte til det formål den er tenkt til, som også er i tråd med KPA sitt arealformål. Å få etablert seg med ein bustad på ein plass i nærleik av familie er viktig, og ein ynskjer å få gjort det i snar framtid slik at både vaksne og born kan «slå rot» og bli værande i same skulekrins gjennom den viktige oppveksten.

Alle deler av tiltaket forøvrig er i tråd med krav gitt i KPA, vår vurdering er at hensynet bak regelen ikkje vert vesentleg tilsidesett og at fordelane er klart større en ulempene slik at det kan gjevast dispensasjon.»

Klagegrunnar

Klagen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

«Tiltaket er i tråd med overordna plan

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel sett av til bustad og tiltaket er i tråd med dette føremålet. Vi vurderer at omsynet bak kravet om reguleringsplan ikkje vert vesentleg tilsidesett. Det planlagde tiltaket har liten påverknad på infrastrukturen i området då det nyttar eksisterande vegar, vatn- og avløpsløyser. Tiltaket medfører heller ikkje større miljømessige eller estetiske inngrep. Auke i bruk for den aktuelle infrastrukturen er liten totalt sett og vil ikkje medføre vesentleg endring.

Usikkerheit rundt reguleringsplanen

Vi har vore i dialog med plankonsulenten som arbeider med reguleringsplanen for Fyllingsnes. Dei er tydeleg på at det er stor usikkerheit knytt til når eller om ei reguleringsendring vil verte gjennomført. Planarbeidet krev store ressursar og kostnader og forslagsstillarane er difor usikker på om dei ynskjer å gjennomføre. Det gjer det lite sannsynleg at endringane vil omfatte det aktuelle tiltaket, iallfall innafor

ein tidshorisont som er reell for tiltakshavar. Å krevje at tiltakshavar ventar i uvisst tid vil setje både familien og deira økonomi i ein vanskeleg situasjon og framstår ikkje som rimeleg, spesielt når tiltaket i utgangspunktet er i tråd med overordna plan.

Trafikk og tryggleik

Det er argumentert for at gang- og sykkelvegen ikkje bør nyttast som tilkomstveg, her er det viktig å understreke at dette er ein framtidig gang- og sykkelveg. Når området eventuelt vert utbygd og gang- og sykkelvegen skal brukast som føresett, vil utbygginga av det regulerte området vere ferdig og det vil dermed vere etablert alternativ tilkomstveg til eigedomen via det nye bustadfeltet.

Dette sikrar at det ikkje oppstår unormalt stor konflikt mellom biltrafikk til eigedomen og bruk av gang- og sykkelvegen. Vi har gjort plankonsulenten oppmerksam på dette forholdet slik at det vert tatt omsyn til i ei eventuell endring av planen. Per i dag er det liten trafikk på vegen, og den vert berre nytta av to bustader og ein fritidsbustad. Ei einebustad til vil ikkje endre trafikkbiletet vesentleg, og tryggleiksomsynet vert ivaretatt i noverande situasjon.

Vidare har Fyllingsnesvegen svært lite, om noko, reell gjennomgangstrafikk i praksis. Vegen vert hovudsakleg nytta for køyring til og frå eigedomar av dei som bur i området. Den relativt låge trafikkteettleiken, kombinert med det faktum at dei som bur langs vegen i dag uansett må ferdast i vegbana, gjer at eventuelle tryggleiksutfordringar ikkje vert påverka vesentleg av denne dispensasjonen – det er ein enkel einebustad som er omsøkt og saka må vurderast ut frå den faktiske situasjonen i området. I det tilfelle det regulerte området vert utbygd og trafikken aukar i større grad vil omsynet til mjuke trafikkantar vere ivaretatt. Trafikkmengda er i tråd med det ein må forvente for ein veg i eit etablert bustadområde, og er på same nivå den har vore over tid, auke som følgje av dette tiltaket vil ikkje påverke tryggleiken på vegen i nemneverdig grad og det er begrensa med frådelt eigedomar slik at same problemstilling i liten grad vil gjera seg gjeldande for andre.

Rett til å rå over eigen eigedom

Retten til å rå over eigen eigedom er ein grunnstein i det norske samfunnet. Dette prinsippet har ikkje berre vore ein nøkkel til økonomisk tryggleik for enkeltpersonar, men har òg lagt fundamentet for eit stabilt og velfungerande samfunn. Retten til å bygge bustad på eiga tomt handlar ikkje berre om eigedomsrett, men òg om trygghet og sjølvstendet som kjem med å kunne forme eige liv i sitt eige nærmiljø.

Gjennom historia har norsk politikk lagt til rette for desentralisert busetnad, der folk får moglegheit til å bu der dei ønskjer og til å bidra aktivt til sine lokalsamfunn. Dette har medverka til å skape sterke lokalsamfunn, spreie økonomisk utvikling utover landet og oppretthalde levande bygder. Så langt vi kan sjå er dette framleis det politiske ønske i Alver sin samfunnsplan og då må faktiske vedtak vera i tråd med dette.

I desse sakene, der det er privatpersonar som ynskjer å etablere seg og ikkje drive eigedomsutvikling, representerer tiltaket mykje meir enn berre bygging av ein bustad – det handlar om å skape ein heim. Familien ønskjer å busette seg nær familie og etablere seg i eit trygt miljø der barna kan vekse opp i stabilitet, gå på skule og knyte seg til lokalsamfunnet. Ei utsetjing eller avvising av tiltaket vil påføre familien både økonomisk belastning og stor usikkerheit. Dei kan ikkje sette livet på vent i uviss tid medan ei eventuell reguleringsendring vert vurdert – ein prosess som plankonsulenten har stadfesta er både tidkrevjande og høgst usikker.

På samfunnsnivå har eigedomsretten vore ein viktig føresetnad for økonomisk utvikling i Noreg. Den høge graden av eigarskap til egne bustader har ført til at folk flest har investert i eigen eigedom, vedlikehald og utvikling av sine egne heimar. Dette har redusert presset på offentleg bustadbygging, styrka den generelle økonomiske stabiliteten i landet og i stor grad bidratt til «dugnadsånd» som er ganske unik i Noreg. Dette er særskilte viktige og unike verdiar vi må ta vare på som samfunn, og som kjem direkte frå tilhørighet og tilknytning til egne lokalsamfunn for den enkelte. Å leggje til rette for at ein kan byggje på eigen tomt i eige lokalmiljø vil dermed ikkje berre gagne den enkelte personleg, men det vil i stor grad gagne både lokalsamfunnet og dei langsiktige samfunnsverdiar vi har på overordna plan.

Ei mogleg løysing

For å imøtekomme både offentlegheita sine krav og familien sine behov kan ei mogleg tilnærming vere å innvilge dispensasjon med vilkår. Eit mogleg vilkår kan vere at dersom det regulerte bustadfeltet vert bygd ut, må eigedomen knyttast til felles offentleg infrastruktur, inkludert vatn og avløp (VA). Dette vil sikre ei reell og konkret utvikling og busetnad på Fyllingsnes og tiltakshavar får nytta eigedomen til det formål den er tenkt til samstundes som ein sikrar det langsiktige hensynet til infrastruktur på ein balansert måte.

Konklusjon

Vi meiner at hensynet bak reglane ikkje vert vesentleg sett til side og at fordelane med å innvilge dispensasjon er klart større enn ulempene. Vi ber difor om at vedtaket vert omgjort og dispensasjon vert innvilga, subsidiært at det vert vurdert ei løysing med vilkår som skissert ovanfor.»

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

KOMMUNENES VURDERING I KLAGEOMGANGEN

Administrasjonen viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden og legg denne til grunn. Det vart gjort følgjande vurdering:

«Generelt om dispensasjon

Det er to vilkår som begge må vere oppfylt for at kommunen skal kunne gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i

frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

I tillegg kan ikkje kommunen gi dispensasjon dersom omsyna bak lovas formålsregel eller nasjonale eller regionale interesser blir vesentleg tilsidesett.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Vurdering av omsynet

«Omsynet bak kravet til utarbeiding av reguleringsplan er å sikre ei god og føreseieleg utvikling, sikre tilstrekkeleg og tilfredstillande infrastruktur og legge til rette for at byggjeområder har tilfredstillande og trygge løysingar.

I dette område er det offentleg vatnleidning, men ikkje offentleg avlaup. Ei utfordring i området er at det er mange separate utsleppsledningar og her bør ein sjå på å få samla desse til eit større felles anlegg.

Når det gjeld hovudeveg (Fyllingsnesvegen) er denne smal og tidvis uoversiktleg. Det er søkt om dispensasjon for å nytta gång- og sykkelveg som tilkomstveg, og då truleg avkjørsle nord for eigedomen.

Administrasjonen har forståelse for at det framstår som voldsomt å krevje reguleringsplan for ei enkelt tomt. Samstundes må administrasjonen sjå området under eit og her er det fleire eigedomar som kan utbyggast og området kan fortettast ytterligare. Det vil difor vere føremonstenleg å få sett området i ei planprosess og samstundes få ordna opp i avlaupssituasjon og anna utfordring i område.

Reguleringsplan for Fyllingsnes er under endring og det vil vere naturleg og sjå om det er mogeleg å kople seg på denne plana. Utfordringar knytt til dispensasjonen kan da sjåast i ei plansamanheng. Administrasjonen er mellomanna kjent med at det er planlagt eit større felles privat avlaupsanlegg for det regulerte feltet.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå krav til utarbeiding av reguleringsplan og arealføremål gång- og sykkelveg som tilkomstveg ikkje er oppfylt.»

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre.

Vurderingar av moment i klagen

Klagar viser til at oppføring av bustad er i tråd med kommuneplanen. Tiltaket medfører liten påverknad på infrastruktur, miljø eller tryggleik i området. Trafikkmengda er låg og påverkar

ikkje tryggleiken vesentleg då vegen hovudsakleg vert brukt av dei som bur der. Retten til å disponere eigen eigedom er ein viktig verdi i norsk samfunnsutvikling. Tiltaket handlar om å sikre familien ein heim og tilhøyring til lokalsamfunnet. Dispensasjonen balanserer familien sine behov og omsynet til overordna planar og infrastruktur. Å krevje at familien ventar på ei usikker reguleringsendring vurderer klagar som urimeleg, spesielt sidan tiltaket er i tråd med eksisterande overordna plan. Ein mogleg løysing kan vere å innvilge dispensasjon med vilkår om tilknytning til felles infrastruktur ved ei framtidig utbygging.

Kommunedirektøren viser til at det er ikkje eit rettskrav å få innvilga dispensasjon. Det er ein uavklart situasjon rundt avlaup. Auka bruk av gang- og sykkelvegen er i strid med barn – og unge sine interesser. Dess meir auka bruk- dess meir risiko vert det for barn – og unge på ein svært smal veg og utan tilbod til dei gåande og sykklande. Presedensverknaden er også sterkt tilstades. Det er fleire uregulerte eigedomar som kan utbyggast og området kan fortettast ytterlegare. Ein reguleringsplan skal plassere både bustadhus, sikre infrastruktur, grønstruktur og leikeareal slik Statsforvaltaren framhevar. Å utarbeide reguleringsplan er difor rett løysing i saka.

Klagar fremjar forslag til å gi dispensasjon på vilkår:

«Eit mogleg vilkår kan vere at dersom det regulererte bustadfeltet vert bygd ut, må eigedomen knyttast til felles offentleg infrastruktur, inkludert vatn og avløp (VA).»

Kommunedirektøren viser til at det er knytt stor usikkerheit til reguleringsplanen for Fyllingsnes både når det gjeld når den vert vedteke og om den vert realisert. Det vert vurdert at dette ikkje er eit vilkår ein kan sette når ein ikkje veit per no om dette kan gjennomførast. I tillegg har kommunen heimel til tilknytingsplikt i plan- og bygningslova § 27-1 første ledd for offentleg vatn og § 27-2 for offentleg avlaup. Vilkåret gir derfor ikkje meir enn det loven allereie gjev kommunen adgang til.

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagane skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

GENERELL INFORMASJON

Vidare sakshandsaming

Om klagen ikkje vert teke til følgje vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Om klagen vert teke til følgje, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Nytta lovverk

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.

- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b. Vedlegg
 - 1 • Søknad om dispensasjon - bnr. 214/222, Fyllingsnes •
 - 2 • B01-Søknad om dispensasjon 214 222.pdf •
 - 3 • D01-Skisse plassering.pdf •
 - 4 • Kvittering-for-nabovarsel-1-20240731-1607.pdf •
 - 5 • Nabovarsel-1-20240731-1607.pdf •
 - 6 • I01-Møtereferat førehandskonferanse - gbnr 214 222 Fyllingsnesveien 154 (1).pdf •

- 7 • Uttale - Dispensasjon - Alver - 214_222 Fyllingsnesvegen 154 - oppføring av bustad.pdf •
- 8 • Varsel om kulturhistorisk synfaring - Dispensasjon frå kommuneplan - gnr. 214 bnr. 222 - Alver kommune.pdf •
- 9 • Kulturminnefagleg fråsegn etter synfaring - Dispensasjon frå kommuneplan - gnr. 214 bnr. 222 - Alver kommune.pdf •
- 10 • Søknad om dispensasjon vert avslått- Gbnr 214/222 Fyllingsnesvegen 154 einebustad •
- 11 • Klage på avslag på søknad om dispensasjon.pdf •
- 12 • Klage på avslag - gbnr. 214/222 •
-